



## Kyrkjevalet 2023 - høyring om reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

---

Høyningsnotat 21. juni 2021.

### Innhald

Del 1:	Bakgrunn .....	2
1.1	Innleiing.....	2
Del 2:	Digitalt val .....	2
2.1	Dagens ordning.....	2
2.2	Forslag om digitalt val .....	3
2.3	Beredskap .....	4
Del 3:	Regelverk.....	7
3.1	Preferanseval eller fleirtalsval .....	7
3.1.1	Valoppgjær preferanseval .....	7
3.2	Fristar.....	8
3.2.1	Nominering.....	8
3.2.2	Innlevering av listeforslag .....	8
3.2.3	Supplerande nominasjon .....	8
3.2.4	Skjæringsdato .....	9
3.3	Andre paragrafar.....	9
Del 4:	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	10

## **Del 1: Bakgrunn**

### **1.1 Innleiing**

Til kyrkjevalet i 2023 er det nødvendig å vedta reglane for kyrkjeval på nytt på grunn av nytt heimelsgrunnlag etter vedtak om ny trossamfunnslov. I dette høyningsnotatet blir det foreslått enkelte endringar i reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Fyrst og fremst blir det foreslått å gå over til digitale val som normalordning.

Ved valet i 2019 var alle reglar for kyrkjeval samla i regler 16. april 2018 nr. 584 for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet (kirkevalggreglene). No blir det foreslått å dele opp reglane, så reglar for val av sokneråd og val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet blir eit dokument, og dei andre vala til bispedømeråd og Kyrkjemøtet får eigne regel-dokument. Ein hovudgrunn til dette er for å gjere det tydeleg kva reglar som gjeld for dei som skal organisere valet lokalt. Viss reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett og andre mindre val blir skilt ut så blir dei ordinære kyrkjevalreglane mindre omfattande. Det gjer det også mogleg å få vedtatt reglane for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett alt i 2021, noko som vil forenkle arbeidet, særleg med digitale val.

Ut over forslaget om at valet skal vere digitalt som normalordning, og tilhøyrande endringar i reglane for å gjennomføre det, er det lagt til grunn at det ikkje blir gjort større endringar i reglane i denne omgang. Det må likevel gjerast nokre endringar som følgjer av at reglane blir eit eget regelverk. Meir omfattande endringar som vil få betydning for kyrkjevalet i 2027 vil bli vurdert i samband med saka om kyrkjeleg organisering, medan regelverket som blir foreslått her vil gjelde kyrkjevalet 2023.

### **Høyringsspørsmål:**

1. Støttar høyringinstansen forslaget om å skilje ut reglane om val av prest og lek kyrkjeleg tilsett frå kirkevalggreglene?

## **Del 2: Digitalt val**

### **2.1 Dagens ordning**

Val av prest og lek kyrkjeleg tilsett blei i 2019 gjennomført som postval. Det vil seie at dei som hadde stemmerett kunne sende inn stemmesetelen sin til valrådet i bispedømet. Det var 2 475 personar som stemte ved val av lek kyrkjeleg tilsett og 972 personar som stemte ved val av prest.

Etter reglane skulle det sendast ut stemmesetel og kandidatpresentasjon til alle med stemmerett innan 15. juni. Mellom anna på grunn av manglande kontaktinformasjon blei dette løyst på ulike måtar. Ein del stader blei det sendt informasjon til kyrkjeverja, som blei bedt om å formidle vidare til dei lek kyrkjeleg tilsette. Nokre bispedøme la til rette for at tilsette kunne gjennomføre valet på samlingar i bispedømet. For at ei stemmegiving skulle bli godkjent måtte den kome inn til

valrådet innan kl. 17 dagen etter valdagen. Det var ein del stemmer som kom inn etter denne fristen.

Oppteljing og valoppgjer ved preferanseval er relativt komplisert. Ein skal registrere opp til fem tal per stemmesetel. I 2019 blei desse registrert manuelt i eit Excel-ark, og det gir eit potensiale for feil. I 2019 blei også valoppgjer gjort i Excel. Dette var sårbart sidan det kravde ein del manuelle operasjonar. Kyrkjerådet leigde inn ein ekstern konsulent for å kvalitetssikre valoppgjera.

## 2.2 Forslag om digitalt val

Kyrkjerådet har med heimel i kirkevalgglelene § 9-6 annet ledd vedtatt særskilte regler 4. desember 2020 nr. 3289 for digital forhåndsstemming. Desse reglane er utgangspunkt for forslag til reglar for digitalt val for prest og lek kyrkjeleg tilsett. Det blir arbeidd med å kjøpe eit system for digitale val. Digitalt val for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett vil vere mogleg med dette systemet.

Ein kan sjå for seg tre alternativ for gjennomføring av valet:

1. Postval – som sist.
2. Kombinasjon av postval og digitalt val.
3. Heildigitalt val (med postval som beredskapsløysing viss det digitale valet ikkje lar seg gjennomføre)

Å halde fram med postval, som i dag, er vurdert å vere den därlegaste løysinga. Det løyser ikkje utfordringane med utsending av materiell og innsending av stemmesetlar i tide. Det vil heller ikkje forenkle arbeidet med oppteljing og valoppgjer. Ein kombinasjon av postval og digitale val er heller ikkje vurdert som ei god løysing. Det vil krevje at ein både brukar ressursar på å legge til rette for digitale val, samstundes som ein må bruke ressursar på å handtere og telje fysiske stemmer. Det vil også vere ei utfordring å få samla resultatet av dei fysiske og dei digitale stemmene på ein sikker måte. Det vil måtte utarbeidast eit system for dette.

For dei som skal stemme vil det for dei aller fleste vere enklare å gjere dette digitalt. Ein kan stemme når som helst og kor som helst i perioden mellom 10. august og onsdagen før valdagen for val av leke. Viss valet blir gjennomført heildigital må alle som skal stemme ha tilgang til elektronisk pålogging på høgt tryggleiksnivå (nivå 4). Det vil for dei fleste seie Bank-ID. Same pålogging blir i dag brukt til medlemsregisteret og «Mi side» på kyrkja.no. Bank-ID får ein av banken sin og ein går ut frå at alle med stemmerett som prest eller lek kyrkjeleg tilsett kan få Bank-ID. Viss ein går ut med informasjon i god tid om at det blir digitalt val og at ein treng Bank-ID, så gir ein dei som ikkje allereie har dette sjansen til å skaffe seg det. I Europarådet si tilråding om gjennomføring av digitale val<sup>1</sup> står det at «Unless channels of remote e-voting are universally accessible, they shall be only an additional and optional means of voting». Fordi alle vaksne personar i Noreg kan få

---

<sup>1</sup> Recommendation CM/Rec(2017)5[1] of the Committee of Ministers to member States on standards for e-voting

Bank-ID er det vurdert at digitalt val er universelt tilgjengeleg for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett.

Ei generell utfordring med digitale val er å sikre hemmelege val sidan det ikkje er nokon kontroll av at veljaren stemmer i einerom og utan å bli påverka. Dei same utfordringane gjeld ved postval, så det vil ikkje vere noko endring på dette for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett ved å gå over til digitale val.

Tidlegare har stemmesetlar og informasjon om val av prest og lek kyrkjeleg tilsett blitt sendt ut i juni og fristen for innsending har vore dagen etter valdagen. Med digitalt val, som føljer perioden for førehandsstemming for val av sokneråd og val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet, blir valperioden kortare. Fordi stembene ikkje skal sendast i posten er det likevel ikkje vurdert som eit problem med kortare periode. Det kan også vere ein fordel at valet skjer i same periode som dei andre vala, fordi det då er meir merksemd om valet.

Systemet vil vere sånn at når dei som har stemmerett ved val av prest eller lek kyrkjeleg tilsett loggar seg på for å stemme ved soknerådsvalet vil dei automatisk få opp at dei også kan stemme ved val av prest og lek kyrkjeleg tilsett. Det kan gjere at fleire blir merksame på at dei har stemmerett ved eit av desse vala, eller at dei blir minna på å stemme ved desse vala. Det kan bidra til auke i valdeltakinga.

Ein annan fordel med digitale val er at det digitale valsystemet er universelt utforma. Det betyr at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i valet på like vilkår som alle andre. Systemet vil for eksempel vere konfigurert så det kan brukast med ulike skjermlesarar og det vil vere informasjon på teiknspråk. Det vil også vere mogleg å nytte ulike språk i valløysinga.

Digitalt val vil spare ressursar til teljing av stemmesetlar i bispedøma. Viss ein gjennomfører heildigitalt val kan også valoppgjeret gjerast i det digitale valsystemet. Dette systemet kan testast godt i forkant av valet og vil gi tryggleik for at menneskelege feil eller feil i Excel-ark ikkje gir feil i valoppgjeret.

### **Høyringsspørsmål:**

2. Støttar høyringsinstansen forslaget om at val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømeråd og Kyrkjemøtet blir gjennomført som heildigitalt val?

## **2.3 Beredskap**

Om det blir vedtatt å gjennomføre digitalt val, kan det likevel kome ein situasjon der det ikkje er mogleg å gjennomføre digitalt val eller ikkje alle veljarane får deltatt i det digitale valet. Reglane bør difor ha ein paragraf som seier noko om korleis valet då skal gjennomførast. Dette er vanleg å ha beredskapsføresegner i valreglar. Det naturlege vil vere å gå tilbake til ordninga med postval, eventuelt ein kombinasjon av postval og digitalt val.

## **§ 6-1. Postvalg**

- (1) Hvis digital stemmegiving ikke lar seg gjennomføre eller det har skjedd noe ekstraordinært som er egnet til å hindre en vesentlig del av velgerne fra å stemme, kan internettvalgstyret med alminnelig flertall vedta å åpne for postvalg.
- (2) Dersom det treffes vedtak etter første ledd og det på dette tidspunktet er avgitt internettstemmer, tar internettvalgstyret stilling til om disse skal forkastes.
- (3) Internettvalgstyret avgjør om postvalget skal være et supplement til det digitale valget, eller om det kommer i stedet for det digitale valget.
- (4) Vedtak om postvalg kan fattes bare så langt det er nødvendig for å sikre velgerne mulighet til å stemme. Internettvalgstyret fastsetter frist for når stemmen skal ha kommet inn til valgrådet. Denne fristen kan senest være 15. oktober.

For å sikre at alle veljarar får informasjon om at valet skal gjennomførast på denne måten, og at dei rekk å sende inn stemmesetelen, blir det foreslått ein heimel for å utsette fristen for innsending av stemmesetlane (§ 6-1 fjerde ledd). Dette kan for eksempel vere aktuelt i eit tilfelle der det digitale valet blir avlyst rett før det skulle starta 10. august. For å sikre at ein har valt nye medlemmer av råda i god tid før dei trer i funksjon blir det foreslått at datoен for innsending ikkje kan fastsettast til seinare enn 15. oktober. Det vil gi rom for ein ekstra månad etter valdagen, om det skulle vere nødvendig.

I forslaget er det internettvalgstyret som har heimel til å avbryte det digitale valet og sette ein frist for innsending av poststemmer. Heimelen til å avbryte valet er allereie fastsett av Kyrkjearådet i saerskilte regler for digital forhåndsstemming § 5 (3):

Internettvalgstyret kan, dersom en hendelse inntreffer som kan medføre at valget ikke kan gjennomføres i samsvar med regelverket, bestemme at velgerne ikke skal kunne avgjøre stemme over internett. Dersom det treffes slikt vedtak og det på dette tidspunktet er avgitt internettstemmer, tar internettvalgstyret stilling til om disse skal forkastes.

Det er fleire omsyn som er viktige når ein skal vurdere kva organ som kan fatte eit vedtak om å avbryte det digitale valet. Vallovutvalet skriv dette i NOU 2020: 6 side 325:

I vurderingen av hvem som skal kunne vedta å utsette eller forlenge valget eller at det skal holdes omvalg, er hensynet til å sikre beslutningen legitimitet og hensynet til en rask avgjørelse framtredende. I tillegg står hensynet til å motvirke misbruk, eller mistanke om misbruk, sentralt.

Internettvalgstyret vil ha den nødvendige kompetansen til å kunne avgjøre om det digitale valet kan gjennomførast. Dei vil også ha møter ofte i perioden rett før og under den digitale valgjennomføringa. Internettvalgstyret er peika ut av Kyrkjearådet for å ha ansvar for gjennomføringa av det digitale valet og har heimel til å avbryte dette. Av omsyn til å raskt kunne starte opp ei alternativ valgjennomføring er det naturleg at internettvalgstyret også kan fastsette korleis dette skal gjennomførast, innanfor rammene reglane set.

Forslaget til § 6-1 andre og tredje ledd gir internettvalstyret heimel til å vurdere ulike løysingar i ein situasjon der det digitale valet må avbrytast eller har utfordringar. Det vil vere opp til internettvalstyret å vurdere om det digitale valet kan fortsette parallelt med at det blir opna for postval og kva som skjer med stemmer som allereie er kome inn i det digitale valsystemet. Kva som er rett løysing på desse spørsmåla vil vere avhengig av kva problem som har oppstått, og det vil difor vere opp til internettvalstyret å vurdere.

Postvalet kan gjennomførast omtrent på same måte som ved tidlegare val. §§ 6-2 og 6-3 er difor henta frå tilsvarende paragrafer i kirkevalgglegene. Her er det også peika på valrådet i bispedømet som ansvarleg for gjennomføringa av postval i ein situasjon der det digitale valet ikkje kan gjennomførast som planlagt. Det er vurdert som mest naturleg at dei får ansvar for dette sidan dette er val på bispedøme-nivå, og valråda i bispedøma tidlegare har hatt ansvar for desse vala.

I forslaget til reglar § 6-2 står det at valrådet skal kunngjere valet og gjere stemmesetlar tilgjengeleg. Det er altså ikkje regelfesta ei utsending av stemmesetlar og materiell fysisk til veljaren. Sidan dette valet skal skje raskare enn tidlegare er det vurdert at kunngjering og utsending av informasjon i ulike kanalar for internkommunikasjon vil vere nok. Det betyr at veljaren sjølv må skrive ut stemmesetelen.

Det er foreslått at stemmene skal sendast til valråda i bispedøma og at desse er ansvarlege for teljing av stemmene. Det betyr at valråda må ha ein beredskap på handsaming og teljing av stemmer viss det skulle bli aktuelt. Dette vil vere likt for veljaren som det har vore tidlegare val. Det er også argument som talar for at stemmene skal sendast til Kyrkjerådet sidan avgjerala om å gå over på postval blir tatt nasjonalt. Det er lettare å handtere stemmene fordelt over 11 bispedøme enn at alt skal samlast hos Kyrkjerådet. Det blir foreslått at teljing og valoppgjer skal skje innan ti dagar etter fristen for innsending. Det betyr at ein kan fordele arbeidet over fleire dagar. Ein vil også vite i god tid før dette at det blir gjennomført postval.

Forslaget til § 6-5 er ein paragraf om omval. Denne gir meir omfattande fullmakt enn § 6-1, fordi den gjeld alle typar ekstraordinære hendingar. Det er også meir inngripande å gjennomføre omval enn å opne for brevstemmer. Det er difor foreslått at det er Kyrkjerådet som sjølv skal kunne vedta omval etter denne paragrafen. Med den ordlyden som er foreslått kan ikkje Kyrkjerådet delegera avgjerdsmakt etter denne paragrafen til andre. Denne paragrafen skil seg frå kirkevalgglegene § 15-2 som også opnar for omval i at ein her opnar for omval ved ulike ekstraordinære hendingar. I kirkevalgglegene § 15-2 er det snakk om omval i samband med ei klage.

#### **§ 6-5. Omvalg ved ekstraordinære hendelser**

(1) Hvis det har skjedd noe ekstraordinært som har hindret en vesentlig del av velgerne fra å stemme, kan Kirkerådet selv bestemme at det skal holdes omvalg. Vedtak om omvalg kan fattes bare så langt det er nødvendig for å sikre velgerne mulighet til å stemme.

(2) Kirkerådet kan gi nærmere bestemmelser om gjennomføring av omvalg etter første ledd.

(3) Hvis det skal holdes omvalg etter første ledd, før det nye bispedømmerådet har trådt i funksjon, forlenges valgperioden for de sittende medlemmene inntil omvalget er endelig

godkjent. Hvis det skal holdes omvalg etter første ledd, etter at det nye bispedømmerådet har trådt i funksjon, blir de nyvalgte representantene sittende i vervet inntil omvalget er endelig godkjent.

## Høyringsspørsmål:

3. Har høyningsinstansen merknader til forslaga om beredskapsprosedyre og reglar for omval ved ekstraordinære hendingar?

## Del 3: Regelverk

Forslag til forskrift om regler for valg av prest og lek kirkelig tilsatt til medlem av bispedømmeråd og Kirkemøtet tar utgangspunkt i dei paragrafane i kirkevalggreglene som regulerer val av prest og lek kyrkjeleg tilsett. For å synleggjere samanhengen mellom dei tidlegare reglane og dei nye reglane er det laga eit regelspeil der dei ulike paragrafane er sett opp mot kvarandre. [Lenke til regelspeil](#).

### 3.1 Preferanseval eller fleirtalsval

Kyrkjerådet foreslo i ei eiga høyring å gå over frå preferanseval til fleirtalsval ved val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Dette fekk ikkje støtte i høyringa, og Kyrkjerådet har difor vedtatt å anbefale Kyrkjemøtet at ein held fram med preferanseval. Sidan Kyrkjemøtet ikkje har hatt høve til å ta stilling til spørsmålet på prinsippnivå, slik det var planlagt, presenterer høyningsnotatet føresegner for to alternative valordningar, preferanseval og fleirtalsval.

Høyningsinstansane kan kome med merknadar til regelforslag for begge ordningar.

Val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet blei gjennomført som preferanseval ved valet 2019. Det betyr at veljaren kunne rangere kandidatane med tal frå 1 til 5 i prioritert rekkefølge. Paragrafane for dette er henta frå dagens ordning i kirkevalggreglene. Kyrkjerådet tilrår dette alternativet.

Som alternativ til ordninga med preferanseval er det utarbeid reglar for ei ordning med fleirtalsval. Der vil veljaren kunne gi stemme til ein kandidat. Den kandidaten som får flest stemmer blir valt. Dette svarar til ordninga ved val av døvekyrkjelydane sin representant til Oslo bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Forslag til reglar for dette er difor henta frå tilsvarende reglar ved dette valet. Kyrkjerådet tilrår ikkje dette alternativet. I forslag til reglar er det tatt inn alternative føresegner i §§ 4-1 femte ledd, 5-1 sjette ledd bokstav b og 5-3 første ledd.

#### 3.1.1 Valoppgjer preferanseval

Det skal kårast to varamedlemmer ved val av prest og lek kyrkjeleg tilsett. Ved valet i 2019 var det noko uklart i kirkevalggreglene om korleis kåring av vara ved preferanseval skulle skje. Kyrkjerådet sitt arbeidsutval fastsette i april 2019 utfyllande reglar for dette, men det var likevel rom for tolking som skapte usikkerheit i valoppgjeret. Paragrafane frå dei utfyllande reglane er no tatt inn i det ordinære regelverket i § 5-3. For at det skal bli tydeleg korleis vara skal kårast trengs det nokre presiseringar i reglane for valoppgjer. Det kan kome nokre mindre presiseringar av teknisk art i denne paragrafen før handsaming i Kyrkjemøtet.

## **Høyringsspørsmål**

4. Har høyringsinstansen merknader til regelforslaga for preferanseval eller fleirtalsval?

### **3.2 Fristar**

Det blir foreslått å endre ein del fristar for å forenkle arbeidet med førebuing av valet. Tilsvarande endringar vil bli foreslått i kirkevalgglene til Kyrkjemøtet i 2022. Det vil vere fornuftig om det er samsvar mellom reglane ved dei ulike vala, men om reglane som er foreslått her ikkje blir innført før val av sokneråd og val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet vil det likevel vere mogleg å handtere ulike fristar.

#### **3.2.1 Nominering**

Etter reglane skal valrådet, sende ei oppmoding til prestar og lek kyrkjeleg tilsette om å foreslå kandidatar til vala. I 2019 var fristen for dette 1. januar i valåret. Det er vel få som arbeidet med utsendingar av denne typen i romjula. Det blir difor foreslått å flytte denne fristen til 15. desember i året før valåret. Då kan ein også flytte fristen for å sende inn forslag til kandidatar frå 1. mars til 1. februar. Det vil seie at prestar og lek kyrkjeleg tilsette vil ha om lag 15. dagar kortare frå siste frist for kunngjering til forslaga vil vere sendt inn. Men det vil gi nominasjonskomiteane like lang tid til å arbeide etter at forslaga er kome inn som i 2019. Ut over dette er det ikkje foreslått endringar i ordninga for nominasjon.

#### **3.2.2 Innlevering av listeforslag**

I 2019 var fristen for innlevering av listeforslag ved alle val 30. april og fristen for å godkjenne listeforslag fem dagar seinare. Erfaring frå valgjennomføringa var at dette var for kort tid til å gjennomføre eventuelle forhandlingar om listene og å få handsama listeforslaga i rådet. For å gi betre tid til dette arbeidet blir det foreslått å flytte fristen for innlevering av listeforslag ein månad tidlegare, til 31. mars. Denne fristen vil då bli same dato som ved offentlege val. På grunn av supplerande nominasjon og arbeidet som skal gjerast med trykking av stemmesetlar og konfigurering av system for digitalt val er det ikkje mogleg å flytte fristen for godkjenning av listeforslag seinare enn den var i 2019. Ut over dette er det ikkje foreslått endringar i ordninga for innlevering av listeforslag frå 2019.

#### **3.2.3 Supplerande nominasjon**

Fristen for supplerande nominasjon var 7. juni i 2019. For å ha lister klare i god nok tid til å kunne sette opp det digitale valsystemet blir det foreslått å flytte denne fristen til 12. den 15. mai. Sidan fristen for innlevering av listeforslag også er flytta tidlegare vil det likevel vere lenger tid mellom at listeforslaga blir kjent og at ein må leverere forslag om alternative kandidatar. Det blir lagt til grunn at valrådet offentleggjer listeforslaga etter kvart som dei kjem inn. Valrådet avgjer om forslaga til supplerande nominasjon skal godkjennast innan 20. mai valåret. Ut over dette er det ikkje foreslått endringar i ordninga for supplerande nominasjon frå 2019.

### **3.2.4 Skjæringsdato**

Skjæringsdato er den datoën manntalet blir låst og som avgjer kor ein har stemmerett. For val av prest og lek kyrkjeleg tilsett vil det seie at det er tilsettingshøve denne datoën som avgjer om ein har stemmerett som for eksempel prest eller ikkje. Ved valet i 2019 skjæringsdato for prest og lek kyrkjeleg tilsett fastsett til 3. juni 2019<sup>2</sup>. På grunn av tolking av kirkevalggreglene § 2-9 andre ledd bokstav d og e kunne ein som starta eller slutta i ein jobb likevel bli tatt inn eller ut av manntalet fram til kort tid før valet. Dette viste seg vanskeleg å få til i praksis.

Av omsyn til at det skal vere føreseileg for veljaren kor ho er registrert og for å forenkle arbeidet med manntalet blir det foreslått å sette ein skjæringsdato for manntalet for prest og lek kyrkjeleg tilsett den 1. juni. Det vil auke sjansen for at dei nødvendige oppdateringane er gjort i manntalet før valet startar 10. august. Eit anna alternativ er å sette datoën til 30. juni, som den er ved val av sokneråd. Det vil gjere kommunikasjonen noko enklare viss det er ein felles skjæringsdato. Men då er det berre månaden juli som er tilgjengeleg for å få oppdatert manntalet. Det blir arbeid med eit felles tilsettregister for Den norske kyrkja, men det er framleis usikkert kor mykje automatisert oppdatering som vil vere på plass før 2023. Sidan mange i sokn og fellesråd vil ha ferie i juli kan ein ikkje rekne med at det vil bli prioritert å oppdatere tilsettregister då. Ved å sette skjæringsdatoen til 1. juni kan ein ha eit oppdatert manntal klart før ein går i ferie, som då vil vere klart til valet startar 10. august. Forslag til ny regel avgrensar endringar som kan gjerast i manntalet til nokre få tilfelle, enten krav om retting av feil, oppdaga feil, klage eller dødsfall.

### **Høyringsspørsmål**

5. Har høyringsinstansen merknader til forslaga om nye fristar?
6. Har høyringsinstansen merknader til forslaget om skjæringsdato?

## **3.3 Andre paragrafar**

I §§ 2-1 og 2-2 er det tatt inn krav om medlemsskap i Den norske kyrkja for å ha stemmerett ved val av prest og lek kyrkjeleg tilsett. Dette følger allereie av anna regelverk, jf. trossamfunnsloven § 13 andre ledd, og er tatt inn her av pedagogiske omsyn.

I forslag til § 2-3 første ledd er det endra så det er Kyrkjerådet, i samarbeid med bispedømerådet, som er ansvarleg for manntal. Tidlegare var det bispedømerådet som hadde ansvar for dette. Grunne til denne endringa er at med eit nasjonalt register over tilsette og digitalt val er det føremålstenleg at Kyrkjerådet har ansvaret for manntalet. Prestar som ikkje er tilsett i Den norske kyrkja er ikkje registrert i eit register over tilsette og for det er naturleg at det er bispedømeråda som er ansvarlege for å ha oversikt over desse. Det er difor naturleg at regelen fastset eit samarbeid om manntalet.

---

<sup>2</sup> Brev frå Kyrkjerådet til bispedømeråda 20.12.2018.

I § 2-7 er det gjort nokre endringar i reglane for fritak frå val. Dette er regulert i kirkeordningen § 24 tredje ledd, jf. § 9 fjerde ledd og er tatt med her av pedagogiske omsyn

#### **§ 2-7 Rett til å kreve fritak fra valg**

- (1) Rett til å kreve seg fritatt for valg som prest eller lek kirkelig tilsatt til bispedømmeråd og Kirkemøtet har den som avgir skriftlig erklæring om at vedkommende ikke ønsker å stille til valg på den aktuelle valglisten.
- (2) Slik erklæring må settes frem innen den frist bispedømmerådet setter, ellers tapes retten til å strykes fra listeforslaget. Den som unnlater å kreve seg fritatt fra å stå på liste, kan ikke nekte å motta valg.

I forslag til §§ 3-2 andre ledd bokstav d og 3-3 tredje ledd er det tatt inn ei presisering av at underskrifter kan vere skanna. Dette var eit spørsmål som kom opp ved valgjennomføringa i 2019, og det blei då gitt rettleiing om at skanna underskrifter kunne godkjennast.

I § 7-4 er det tatt inn endringar i andre forskrifter. Her kan det kome mindre tekniske endringar seinare i prosessen som må rettast i samband med at ein vedtar desse nye reglane.

#### **Høyringsspørsmål:**

7. Har høyringsinstansen andre merknader til forslaget til reglar?

### **Del 4: Økonomiske og administrative konsekvensar**

Det blir arbeidd med anskaffing av eit system for digital førehandsstemming. Her er det tatt inn opsjonar for valgjennomføring og valloppgjer for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett. Det vil vere noko ekstra kostnad for å ta i bruk desse opsjonane, men det er vurdert å totalt sett vere billegare enn det det kostar å handtere desse vala i bispedøma i dag. Å få det digitale valsystemet til å handtere val av prest og lek kyrkjeleg tilsett vil krevje noko ekstra konfigurering og oppfølging.

Heildigitalt val vil spare arbeid på bispedømekontora, særleg med teljing av stemmesetlar. Det vil også spare pengar på utsending av materiell og innsending av stemmesetlar. Bispedøma må likevel ha beredskap for å kunne bemanne opp valarbeidet raskt viss det viser seg at ein må gjennomføre val av prest og lek kyrkjeleg tilsett som postval.

Valet mellom preferanseval og fleirtalsval vil ha økonomiske og administrative konsekvensar, men det er ikkje dekka her sidan det ikkje er spørsmål i denne høyringa.